

## Oppsummering frå kaffimøte med næringslivet 14.02.17

### Orientering om følgande saker frå ordførar:

1. Tredje avkøyring: Går etter planen, pga. mild vinter går framdrift etter planen. Plan - og byggenemnda har vore der på synfaring. Det varslast om at til sumaren vil det bli omlegging av vegen når ein startar bygging av den ovale rundkøyringa. Dette er viktig for sentrumsnæringa og merke seg.
2. Riving av Lysebo: Har starta riving, vil fyrst og fremst bli laga til som ein parkeringsplass. Kommunen har gamle planar for eit "Statens Hus", men området må sjåast på på nytt i og med dette blir den nye inngangsporten til Gol. Me tek imot innspel.
3. Masterplan for Hallingmo: Ferdig rapport er tenkt våren 2017 (mai/juni politisk handsaming), det er no leigd inn to arkitektar som skal teikne den sentrumsnære delen, spesielt med tanke på å knyte Hallingmo-området til sentrum, sørgje for plass til arrangement og torg med meir. Teikneforslaga skal liggje klare i midten av mars.
4. Klima- og miljøplan for Gol kommune: Kommunen reviderer no sin klima- og miljøplan og vil prøve å kontakte interessentar gjennom faste arenaer, kanskje kan kaffimøtet vera ein arena for å hente innspel til planen. Ein vil koma attende med meir informasjon. I tillegg har Gol kommune takka ja til å vera med på eit prosjekt som heiter Bygdepakker for klimavennlig og attraktiv stedsutvikling, meir info vil følgje.
5. Arbeidet med skattekontoret held fram, men om me ikkje vinn fram vil skattekontoret stengje dørene juni 2017.
6. Gol stasjon: Her har kommunen tatt mange initiativ og det er gjennomført fleire møter. Det er no sendt eit brev der ein ber om at ein får ein klar framdrift for prosjektet. Me jobbar vidare.

**Gol Reisemål** var tilstade på kaffimøtet og orienterte litt om deira virke. Det vart også tatt med brosjyrar for langrennsprosjektet som Gol Reisemål delte ut.

**Gol IL** var inviterte til møtet og informerte om arbeidet med driftsavtala, om moglegheitene i hallen, og svara på spørsmål som kom opp. **Det kom fram at det er ynskjeleg for næringslivet å få koma på ei synfaring i april kaffimøtet 04.04.17 kl. 08.30.**